



# Dovre kyrkjelege råd

## Årsmelding 2015

### Innhald:

Rådsleiar sine refleksjonar	side 1
Oppsummering	side 2
Mål	side 4
Organisasjon	side 5
Kyrkjeleg arbeid og aktivitetar	side 8
Kyrkjer og kyrkjegarder	side 15
Økonomi	side 17



*Alterbrunn i Dovre kyrkje*

## RÅDSLEIAR SINE REFLEKSJONAR OM 2015

Når vi leser denne årsmeldingen for 2015 fra daglig leder for Dovre kyrkjelege råd, ser vi fort at det har vært et høyt aktivitetsnivå i Dovre og Dombås sogn i året som gikk.

Vi har effektive og dyktige tilsatte som på hver sine felt står på for å gjennomføre de målene rådet har vedtatt. De ønsker å vise at vi vil være en kirke for alle, hele livet, og de ønsker at alt som skjer skal være preget av kvalitet og tradisjon.

Ikke alt som har skjedd i 2015 er like synlig for alle. Men det praktiske arbeidet på bygninger blir lagt merke til. Reparasjon av kirkegårdsmuren på Dovre, maling og annet vedlikehold av kirkebyggene viser at vi ønsker at det gamle skal tas vare på, fungere bra og se pent ut. Dette er noe som gjør oss innbyggere fornøyde.

Hva som skjer i forbindelse med trosopplæring prøver vi å synliggjøre gjennom kyrkjebladet. Skal nye generasjoner føre kristen tro og kultur videre, er opplæring og kunnskap viktig. Det har vært gjennomført gode tiltak for mange alderstrinn av barn og unge i året som gikk, og mange sitter nok igjen med minner om fine opplevelser som gir dem en lavere terskel til kirken og en større grad av tilhørighet.


Gudstjenesten er kirkens pulsslag, skriver kirkevergen i sin oppsummering. Det er bra at vi har et høyt antall gudstjenester i Dovre og Dombås, for det er viktig. Mange av disse får et ekstra løft når gode lokale musikere og sangere deltar sammen med kantoren vår. En ekstra varm takk til dere som deltar på denne måten.

Gledelig er det også at vi i 2015 tilbød flotte konserter fordelt på de tre kirkene våre, og at mange av bygdas innbyggere benyttet seg av muligheter til gode musikkopplevelser. Og flere slike skal det bli. Det nærmere seg avgjørelse i forbindelse med orgelkjøp til Dombås kirke. Økonomisk er det et spleislag der snart alle har tatt sin del av ansvaret og blitt medeiere: Kirke, kommune, bedrifter og privatpersoner. Ennå mangler vi de siste kronene, men vi fortsetter arbeidet med å øke orgelkontoen, og vi har tro på at økonomien vil ordne seg.

Vi fikk ny sammensetning av Dovre kyrkjeleg råd etter valget sist høst. Flere av dem som sluttet hadde vært rådsmedlemmer i 10 år, engasjementet hadde vært stort, og det var godt å overlate oppgavene til nye kirkevalgte som møter utfordringer og oppgaver med et åpent sinn.

Å være kirke er avhengig av at mange flere deltar enn de tilsatte og valgte. Frivillige medhjelpere er gull verdt. Vi takker igjen alle dere som gjør det mulig å holde kirkene åpne om sommeren, sørger for servering ved forskjellige arrangement gjennom året og som stiller seg til disposisjon for utvalgene våre i forskjellige sammenhenger.

Året 2015 sluttet med at prestefamilien vår; Jens Frederik, Bergljot og Isak, reiste fra Dovre til nye oppgaver. Vi takker for det de var for oss, og ser fram til at en ny prest snart kan innsettes i tjeneste, og vi gleder oss til fortsatt stor aktivitet i menighetene våre framover.

Dombås, 15. mars 2016  
  
Steinar Botheim  
rådsleiar

## OPPSUMMERING

Året 2015 er historie og det skal skrivast årsrapport. Kva var hovedsak for lokalkyrkja dette året? Og er det tiltak i kyrkja eller på kyrkja som er viktigast? Dersom ein spør kyrkjelyden, vil ein få mange svar fordi vi hugsar ulikt og vektlegg forskjellig. Likevel er det nokre dagar og hendingar som skil seg ut.

### Viktige dagar og hendingar

- ☺ Inger Gravem vart vigsla til diakon 14. mai av biskop Solveig Fiske.
- ☺ Nytt orgel i Dombås kyrkja er eit langt steg nærmare! Prekvalifisering av orgelbyggere er gjennomført og tre firma skal lage forslag og tilbod. Dovre kommunestyret løyvde 1 million kroner til nytt orgel i Dombås kyrkje. Orgelfondet er nesten 3 millioner.
- ☺ Dovrekyrkje tok i bruk altarbrunn og altarduk laga av Borgny Svalastog.
- ☺ Kyrkjeval i september med god gjennomføring og god oppslutning.
- ☺ Renovering og oppgradering av el-anlegg i Dombås kyrkje planlagt og vedtatt.
- ☺ Jens Frederik Olsen slutta like før jul etter 3 år som sokneprest i Dovre.



### Når vi våre mål?

I kyrkjeplanen for Dovre står det:

- Gjennomføre gudstenester, kyrkjelege handlinger, trusopplæring og anna kyrkjelydsarbeid ut frå kjerneverdiane kvalitet, involvering og tradisjon.
- Gjennomføre tiltak i kyrkjeplanen for å nå felles visjon: Ei kyrkje for alle – heile livet.

Kjerneverdiane prøver vi å ha med oss i alt vi gjer. Vi meiner at kyrkjelivet i Dovre er bra, både med tankje på tilbud (kvantitet) og gjennomføring (kvalitet), sjølv om det meste kan utviklast og bli bedre. Involvering er nok den kjerneverdien som er mest krevande. Korleis auke kyrkjelyden sin deltaking i liturgi og salmesang? Ingen fasitsvar, men eg trur det er langsiktig arbeid og for å lukkast er det avgjerande at kyrkjelyden vil.

Biskopen har godkjent plan for trusopplæring for 0-18 år. Vi sender invitasjonar til arrangement for ulike aldersgrupper. Nokre arrangement har stor oppslutning, andre lågare. Kyrkja ynskjer å gje foresatte hjelp til å lære barna om kristen tru, at dei blir kjent og glad i kyrkja, og at barna kjenner at dei hører til i kyrkja. Samstundes som barna blir trygge i kyrkjerommet, skal dei også skjonne at dette rommet er annleis. Dei fleste trustiltak inkluderer gudsteneste. Vi erfarer at dei unge er nyfikne og åpne og deltek i så vel nattverden som i liturgien elles. Kanskje har vi vaksne noko å lære av dei unge?

Det er flott at kyrkjene våre er ein kulturarena med konserter, foredrag o.l. Det er gode rom med stemning og instrument av særskilt god kvalitet (bortsett frå orgelet i Dombås). Heile sju kyrkjekonserter i 2015, der DKR arrangerte fem sjølv og to i samarbeid med utøvarane. Det er mykje godt kyrkjeleg arbeid i gode opplevingar og toner i kyrkjerommet.

### Evaluering av planer for 2015

Plan / mål	Vurdering
Gjennomføre det kyrkjelege arbeidet i samsvar med vedtatte mål, planer, verdiar og tilgjengelege ressursar.	Gjennomført.
Halde kyrkjevalget i september på ein god måte.	Gjennomført.
Avgje høyring om framtidig kyrkjeordning.	Gjennomført.
Utgreie konsekvensar av evt. kommunesamanslåing.	Utsatt.
Skifte ovner og installere styringssystem i Dombås kyrkje.	Planlegging og anbud gjennomført. Oppstart januar-2016.
Montere lynvernanlegg på Eysteinkyrkja.	Midlar omprioritert til tiltak i Dombåskyrkja.

### Kort om planer for 2016

- Utføre kyrkjeleg arbeid i samsvar med vedtatte mål, planer og verdiar.
- Teamutvikling med ny prest, m.a. studietur for alle tilsette i prostiet.
- Tiltak på kyrkjebygg: Renovering Dombås kyrkje innvendig, nye søyler i Dovre kyrkje og oppgradering av alarmanlegg/skallsikring/tilgang.
- Inngå kontrakt med orgelbygger om nytt orgel i Dombås kyrkje.
- Utgreie konsekvenser av evt. kommunesamanslåing og ny kyrkjeordning.
- Vurdere og inngå ny IKT-aftale inkl. heimeside.
- Oppstart av to diakonale tilbud; «Det gode møtet» og lavterskelttilbud for ungdommer.
- Vedta diakoniplan.

Til slutt vil eg oppfordre alle til å tenkje over følgjande to setninger;

**«Gudstjenesten er kirkas pulsslag.»**  
**«Den tro som ikke overleverer, overlever ikke.»**

Kva gjer du for å styrke pulssлага?

Kva gjer du for at den kristne trua fortsatt lever?

Dovre 8. mars 2016

*Elin Marit Andgard*  
Elin Marit Andgard  
kyrkjeverje

## **MÅL**

### **Visjon**

Kyrkjemøtet har vedtatt:

Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje,  
- ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje.

DKR har vedtatt visjon for Den norske kyrkja i Dovre:

Ei kyrkje for alle – heile livet.

Kvalitet, involvering og tradisjon skal prege alt vi gjer.

### **Mål for våre seks satsingsområde**

#### **1. Informasjon**

- \* Gjera kyrkja sin aktivitet synleg.

#### **2. Gudstenester og kyrkjelege handlinger**

- \* Større oppslutning om gudstenestene.
- \* Styrke kyrkjelyden si deltaking i gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- \* Legge til rette for deltaking uavhengig av funksjonsevne.
- \* Større fokus på at vi er ein del av den verdsvide kyrkja.

#### **3. Barn og unge**

- \* Barn og unge blir kjende (og fortrulege) med kyrkja, Bibelen og kristen tru gjennom gode trusopplæringstiltak.

#### **4. Diakoni**

- \* Diakonen er ein samtalepart for barn og unge.
- \* Fleire skal bruke kyrkja og dei som kjem skal kjenne seg velkomne og heime.
- \* Dovre og Dombås vil verne om skaparverket og bli grøne kyrkjelydar.
- \* Auka engasjement i kampen for rettferd.

#### **5. Kyrkjemusikk og kultur**

- \* Syte for eit variert og fagleg solid kyrkjemusikalsk arbeid, som både skal integrere amatørar, friviljuge og profesjonelle frå musikklivet og andre kunst- og kulturområder.
- \* Fornye og formidle pilegrimstradisjonen til den lokal kyrkjelyden, pilegrimer og tilreisende. Større lokal deltaking.

#### **6. Kyrkjer og kyrkjegarder**

- \* Funksjonelle bygg og anlegg som er i god stand og tilrettelagt for alle.
- \* Gje ferdafolk og kyrkjelyden tilbod om eit stille rom og ei god kulturoppleving, gjennom opne kyrkjer om sommeren og høgtidskveldane.

## ORGANISASJON

Dombås sokneråd, Dovre sokneråd og Dovre kyrkjelege fellesråd er fra 1. januar 2005 *eitt* råd; Dovre kyrkjelege råd. Organiseringa er ei forsøksordning som er godkjent av Kultur- og kirkedepartementet fram til Kyrkjelova i 2019. Rådet har det totale ansvaret for den lokale kyrkja, med unntak av det ansvaret som ligg til sokneprest og andre organ. Etter Kyrkjelova § 9 skal rådet "*ha sin oppmerksamhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet*", som gudstenester, dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diakoni. Som fellesråd har det også ansvar for kyrkjebygg, kyrkjegardar og dei tilsette.

### Dovre kyrkjelege råd

#### Rådsperiode 2011-2015

Frå Dombås sokn: Synnøve Toven, Jørn Gråberg, Hans Nyhagen, Stein Boheim, Ann Bagås Furuhovde (1.vara).

Frå Dovre sokn: Kjell Arne Svane Steinhovden, Astrid Korban, Torbjørn Olav Elvestad, Ann Kristin Gipling Bonsaksen, Thorgaard Hovde (1. vara)

Sokneprest Jens Frederik Olsen (utnevnt av biskop). Vara: prosten.

Kommunal representant: Per Arnold Bache og Guri Ruste (vara).

Steinar Boheim var rådsleiar og Kjell Arne Steinhovden nestleiar.

#### Rådsperiode 1. november 2015-2019



Frå Dombås sokn: Stein Boheim, Stina Cecilie Storhaug, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen. Vararepresentanter: Randi Brennhaug, Anita Dybfest Frich, Reidun Marie Kveen, Irene Olsen Aavangen, Liv Kristin Rise.

Frå Dovre sokn: Guri Ruste, Sonja Rykhus, Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde.

Vararepresentanter: Tove Jenny Qvan, Stein Ola Landheim, Gudrun Urstad Rudi, Aud Reidun Bøe Øien, Ann Kristin Gipling Bonsaksen.

Sokneprest er fast medlem og prosten vara (utnevnt av biskopen).

Kommunal representant: Knut Nytun. Irene Olsen Aavangen er vara.

Leiar: Stein Boheim. Nestleiar Guri Ruste.

Kyrkjeverje/dagleg leiar Andgard er sekretær for Dovre kyrkjelege råd.

DKR har utvalg og komitéar med særskilt ansvar for områda; gudsteneste og trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og kultur, pilegrimsdager, kyrkjebladet, sommerope kyrkjer, kyrkjegardar.

## Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2015 hatt 9 møter og handsama 41 saker.

I tillegg til dei årlege saker som budsjett, regnskap og årsmelding, har rådet handsama organisering av kyrkja lokalt, båretrolle, ny misjonsavtalepartier, gudstenesteordning, evaluering liturgi, nytt orgel i Dombås (finansieringsplan og valg av orgelbyggere), tiltak i Dombås kyrkje, lokalisering kyrkjekontor, kyrkjevalet, høyring «veivalg».

## Kyrkjevalg 2015

13. og 14. september var det kyrkjevalg med valg til sokneråd/kyrkjeleg råd og leke representanter til Hamar bispedømmeråd. I forkant var det sendt ut kyrkjeblad med mykje valginformasjon, både om sjølve valget og kandidatane. Høve til forhandsvalg på kyrkjekontoret. Valgting på Dombås barneskule søndag og mandag og på Dovre samfunnshus og Skogvang mandag. Både rådsmedlemmer og andre deltok som valgfunksjonærer. Kirkerådet ga økonomisk støtte til gjennomføring av kyrkjevalget.



### Valgdeltaking

Dovre	30 %
Hamar bispedømme	20 %
Norge	16 %

## Personale

DKR er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette; 5 fast tilsette i tilsaman 4,15 årsverk.

Kyrkjeverje	80 %	Elin Marit Andgard
Sekretær	50 %	Vidar Aas
Kantor	100 %	Jørgen Brandli
Kyrkjetenar	100 %	Ola Rindal
Kyrkjetenar	60 %	Pål Rindal
Trusopplærar	inntil 25 %	Blir ivaretatt av heile teamet.

Organistvikarer: Sigrid Sørungsgård Botheim og Per Anders Håvelsrud.

Kyrkjetenarvikar: Erik Magnus Andgard.

Guide ved sommerope Dombås kyrkje: Per Anders Håvelsrud, Marta Gangsås Berstad og Ingvild Marie Andgard.

Inger Gravem, diakon i Lesja og Dovre, er tilsett av Lesja kyrkjelege råd. Hamar bispedømmeråd refunderer inntil 50 % av lønnsutgiftene.

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest. Jens Frederik Olsen sluttar 6. desember. Knut Nordhaug var sokneprest frå 7. desember.

## Helse, miljø og sikkerheit

Det er godt arbeidsmiljø og samarbeid i staben. Sjukefraværet var 0,4 % (4 enkeltdager på tre ansatte). Andel kvinner i staben er 29 %. Det er god brannsikkerheit i kyrkjene. Branntilsyn våren-2015 medførte avvik pga. manglende øving og instrukser med underskrift. Frist for handlingsplan for å rette opp avvik er 15. mars 2016. Fysiske forhold og rutiner er gode. Tilsynet ga attandemelding på god orden og ryddigheit.

## Kurs og representasjon

- \* Ingunn Liseter vart vigsla til diakon i Sel kyrkje 8. november av biskop Solveig Fiske. Inger Gravem og Elin Marit Andgard deltok. Ingunn var trusopplærar i Dovre i 1,5 år.
- \* Synnøve Toven deltok på årsmøtet i foreningen Pilegrimssenter Dovrefjell.
- \* Inger Gravem deltok på årsmøtet for Kirkens SOS.
- \* DKR var representert på landskonferanse for kyrkjeverger, ulike fagdager i prosti og bispedømme og nasjonal trusopplæringskonferanse.



## Informasjonsarbeid

- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med fire nummer og sendt til alle husstandar i Dovre, utanbygdsbuande som tingar det og fleire kyrkjekontor. Kyrkjebladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjelyden.



- **Årsmelding 2014** delt ut til kommunestyret. Sakspapir til rådsmøte vert sendt til biblioteka. Møteprotokollar frå rådsmøta vert sendt til revisor, prosten og kommunen.
- **Sosiale medier.** Kyrkjene i Dovre har eige Facebook-side. Vi skriv om gudstenester og aktuelle saker som eit supplement til plakatar og annonse, og ser at vi kan bruke sida meir aktivt. I løpet av 2016 skal eige heimeside etablerast.
- **Plakater og annonser** om gudstenster og konsertar.
- **Mediaomtale** om arrangement og tiltak.

## KYRKJELEG ARBEID OG AKTIVITETAR

### Gudstenester

	2015			2014			2013		
	antall	tilstade	gj.snitt	antall	tilstade	gj.snitt	antall	tilstade	gj.snitt
Gudstenester på søn- og helligdag	64	3312	52	62	3485	56	60	3854	64
Andre gudstenester	13	1383	106	21	1232	59	20	1108	55
Sum gudstenester	77	4695	58	83	4717	57	80	4962	62
Andakt Fredheim	20			20			20		

- \* 69 gudstenester var i kyrkjene, 6 på Fredheim, 1 på Tollevshaugen, 1 på Hjellsetra.
- \* Andre gudstenester er skulegudstenester, aftensang, gudsteneste på vekedager.



Prostistevne med diakonvigslig 14. mai i Dombås kyrkje

- \* Biskop Solveig Fiske deltok ved diakonvigslig/prostistevnet 14. mai, pilegrimsmesse 16. juli og Klimapilegrim/Dovrefjellmarsjen 7. august.
- \* Prost Paul Skuland deltok på prostistevnet og ved avskjedsgudsteneste for sokneprest Jens Frederik Olsen i Dombås kyrkje 6. desember.



Helligtrekonger-messe  
på Fredheim 6. januar  
m bl.a. Juniorklubben



Fastelavnsgudsteneste 15.2 -  
Noahs ark og karneval.



Setermesse på Tollevshaugen  
5. juli - Rondane som altartavle

## Kyrkjelege handlingar

	2015			2014			2013		
	antall	tilstade	gj.snitt	antall	tilstade	gj.snitt	antall	tilstade	gj.snitt
Gudsteneste m/nattverd	39	823	21	44	937	21	24	466	19
Døypte	19			14			22		
Konfirmerte	33			33			33		
Vigslar	9	433	48	3	130	43	5		
Gravferder	30	3330	111	37	4407	119	27	3178	117

- \* Av 19 døypte har 12 bustadadresse i kommunen.
- \* 33 konfirmerte, 20 i Dombås og 13 i Dovre. 85 % oppslutning.
- \* Av 9 vigslar var 4 par busatt i Dovre, tre par med foreldre busatt i Dovre. Tre vigslar var andre stader enn i kyrkja.
- \* 30 gravferd-seremoniar med kistegravlegging, 12 i Dovre kyrkje og 18 i Dombås kyrkje, samt ei urnenedsetting. Ingen utanbygdbsuande vart gravlagt i Dovre. For 5 personer som var busatt i Dovre da dei døde, var det seremoni og gravlegging andre stader.

## Kyrkjemusikk

Kantor Jørgen Brandli er musikalsk ansvarleg for gudstenester og kyrkjelege handlingar.

### Solistar og kor ved gudstenester

05.04	Påskedagen, Dovre	Martin Berg
14.05	Kristi himmelfartsdag, Dombås	Lesja barnekor, Martin Berg
31.05	Konfirmasjon, Dovre	Martin Berg
06.06	Konfirmasjon Dombås	To frå fam. Aas
14.06	Folkemusikkmesse, Dovre	Tore Jørgen Rødølen, Spelemannslaget, Dansarlaget
05.07	Tollevshaugen	Spelemannslaget
12.07	Pilegrimsmesse, Dovre	Bjørn Sigurd Glorvigen
01.11	Helgemesser	DDS
06.12	Ljosmesse, Dombås	DDS (forsangere), Martin Berg
11.12	Kyrkjeparade HV, Dombås	Jenny Therese Nyløkken, Martin Berg
24.12	Julekvelden, Dombås	Per Anders Håvelsrud
25.12	Juledagen, Dovre	 Martin med 5. gang i år

Hjertereg takk til alle solistar og musikarar som er med!

## Trusopplæring - barn og unge

- Utdeling av dåpsljos til alle døypte.
- "Kirkerottene": Filmkveld for 3-6 år i auditoriet 26. mars.
- 13 fireåringar fekk "Mi kyrkjebok" m/arbeidsbok 1. søndag i advent.



Stolte 4-åringar i Dovre kyrkje



Leseglade 4-åringar i Dombås

- Nytt i år var opplegget «Fra jord til bord». 6- og 7-åringar var invitert til å feire Skaperverkets dag 3. mai og hausttakkefest 13. september.



Setter poteter og sår korn



Haustens grøde!

- Gudsteneste i august med skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum. Samling i forkant med tema fadder, dåp og å være ein ven.
- Tårnagenthelg for 8-åringar i Dovre kyrkje 25.-26. april



Tre av fem tårnagenter som løyste mysterier og oppdrag



- "Ljosvaken". I år var det felles samling i Dovre kyrkje for Dovre og Dombås sokn. Ljosvaken handlar om å være vaken for seg sjølv, for andre og for Gud. Overnatting i kyrkja er spennande og ikkje alle sov like mykje om natta. 23 deltarar frå 5.-7. trinn. Takk til dei tre konfirmantane som var medhjelpere.



*Ljosvaken-deltakere*



*Dramatisering av Jesus som går på vatnet*

- Juniorklubb for 5.-7. trinn 9 samlinger vårhavåret på Klukkarhaugen. Sjølvalgte aktiviteter inne/ute, felles måltid og andakt. 9 deltarar.
- Barn frå Dovre som er på leir blir sponsa av Søndagskulen.
- 13 Dovreungdommer deltok som ungdomsleiarar på konfirmantleiren. Dei var med på ei samling i juni og lederdøgn. Ungdommane er gruppeleiarar på leiren og viktige forbilder for konfirmantane. Det var god stemning og samhald på leiren, og kontakt både fysisk og på Facebook etterpå.
- Konfirmasjonsførebuingar (60 timer totalt)
  - Samarbeid med Lesja, Sel og Nord-Fron:
    - 5 dager konfirmantleir i juni på Nordfjord folkehøgskule i Vereide med samhandling, båt, bibeltimer, gudstenester, leirkveld m.m.
    - Konfirmantfestival på Otta og gjensyn med 150 leirvenner.
  - Samlingar saman med Lesja:
    - Etikk på HV-skulen.
    - Dag med kyrkjelege handlingar på Lesja.
- Lokalt:
  - Perspektivtur i nærområdet.
  - Samlingar med ulike tema, m.a. Handelspillet om rettferd og kyrkjegardsvandring.
  - Besøk på Fredheim med tema «Ung møter gammel».
  - Førebudde og gjennomførte ljosmesse i Dombås 6.desember.
  - Deltek i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.



*Perspektivtur til Hønkollen*



*Perspektivtur til Hardeggsetra*



*Konfirmantleir,- gjestebod og disco siste kvelden*



*«Ung møter gammel» - samling på Fredheim.*

- \* Reunion for alle konfirmanter i prestegarden i august. Grilling, leik og prat. Dette var første året vi inviterte vårens konfirmantane til ei slik samling, og det var stor oppslutning.



- \* 3 ungdommer deltok på USB (UngdomsSamling på Bjarli) i mars (prostertilbud for 16 - 18-åringar). Aktiviteter, samlinger, midnattsmesse m.m.

### Samarbeid

Konfirmantleir, konfirmantfestival, leirartrening og USB er samarbeid med Lesja, Dovre, Sel og Nord-Fron. Dette er viktige møtestadar for ungdommane,- eit kristens rusfritt tilbod og dei blir kjent med ungdommer frå andre stader som dei møtet att på vidaregåande skule.

### **Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule**

- \* Det er inngått samarbeidsavtale mellom kommunen og kyrkja om skulegudstenester, besøk og kontakt både i kyrkja og på skule/barnehagen og pilegrimsvandring for 5.-7 trinn kvart tredje år.
- \* Skulegudstenester før jul med Dovre barnehage og Dovre barneskule i Dovre kyrkje, med Dombås barneskule, Dombås barnehage og Dovre u-skule i Dombås kyrkje. Gudsteneste annakvart år før påske og pinse for Dovre barneskule.
- \* Samling med tema juleevangeliet i både barnehagene.
- \* 9 sangstunder med barnehage ved organist eller diakon. 5 samlinger i kyrkja og fire i barnehagen.
- \* Besøk av skuleklasser i kyrkja.
- \* Samlinger i skuleklasser med forberedelser til skulegudstenester.

## Diakoni

Diakonien skal være ein naturleg del av det totale kyrkjelege arbeidet. Mange i kyrkjelydane våre har også i år gjort mykje godt diakonalt arbeid gjennom å vise omsorg for sine medmenneske på ulike måtar. Kyrkjekaffe etter gudstenestene er eksempel på eit ynskje om å styrke det sosiale fellesskapet og gje høve for nye til å få kontakt og bli inkludert i eit fellesskap.

- \* Diakonen har delteke i Juniorklubben (for barn i 5.-8 trinn) annakvar veke i vårhalvåret.
- \* Hatt ansvar for fleire trusopplæringstiltak og vore med på arrangement for konfirmantane.
- \* Den internasjonale kvinnebønedagen vart markert i Dombås kyrkje med ei gudsteneste som hadde tema og liturgi frå Bahamas.
- \* Kyrkjelydane støttar misjonsprosjektet «Ein betre skuledag» i Nepal via Himalpartner. Konfirmantane deltok i Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars.
- \* Diakoniutvalget arrangerte tur for eldre til Furuhaugli 8. oktober. Trekkfuglene kom og underholdt. Ragnhild Ramstad Talleraas stilte opp som sjåfør med Fredheim-bussen.
- \* Besøk og kontakt med menneske i ulike livssituasjoner.

## Kyrkjemusikk og kultur

### Konsertar og andre kulturarrangement

Konsertar/kulturarrangement med DKR som arrangør:									
	2015			2014			2013		
	Antal	Tilstade	Gj.snitt						
Konsertar	7	815	116	8	970	165	5	514	103
Foredrag o.l.	4	250	63	4	185	48	3	237	79

- Høstkonsert med Vågå strykeorkester i Dombås kyrkje 13. september.
- «Ekko fra Dombås». Kulturkveld om Bør-Erik Thoresen 25. oktober i Dombås kino.
- Førejulskonsert med koret «Rett og slett» frå Folldal, Toralv Maurstad og Beate Marie Eriksen i Dombås kyrkje 5. desember.
- «Folkelig jul» med Marie Klåpbakken og Øyvind Smidt i Dovre kyrkje 16. desember.



Vågå strykeorkester



Per Thoresen syng på «Ekko Fra Dombås»

- Boklansering i Dovre kyrkje 15. september. Hans-Jacob Dahl presenterte boka si «Kun et simpelt bondearbeid» - en studie av altertavlene til Johannes Skraastad. i Dovre kyrkje med tidsriktig tonefølge av Jørgen Brandli.



### **Pilegrimsdager på Dovrefjell 11. – 16. juli**

Dovre og Dombås sokneråd har sidan 1994 arrangert Pilegrimsdager på Dovrefjell, og dei siste åra i samarbeid med Pilegrimsutvalget i Oppdal og Pilegrimssenter Dovrefjell. Dagene er koordinert med den årlege langvandringa frå Oslo til Trondheim og har tilbod om pilegrimsvandring på enkeltdager. Dagane vart gjennomført på ein god måte med eit innhaldsrikt og godt program. Årets tema: Impulser fra nord

Lørdag 11. juli	Konsert i Dovre kyrkje «Creole connection» med Morten Gunnar Larsen, Ståle Ytterli og Georg Reiss.
Søndag 12. juli	Gudsteneste i Dovre kyrkje ved domprost Herborg Finnset, Hans-Jacob Dahl, Jørgen Brandli. Bjørn Sigurd Glorvigen sang.
Mandag 13. juli	Konsert «Her. Nå» i Dombås kyrkje ved Ståle Storløkken og Tone Åse. «Pilegrimen i Ragnar Solbergs verden» på Fokstugu. Diktlesning ved Laurits Fokstugu og Solveig Fiske knytta saman. Hilde Vehusheia sang. Dovre spel- og dansarlag spela på Fokstugu.
Tirsdag 14. juli	Fortellerstund i Dovregubbens Hall ved Øystein Vestre.
Onsdag 15. juli	Barokkonsert i Eysteinkyrkja med Ingeborg Dalheim (sang) og Thomas Boysen (lutt). Skumringsvandring til Viewpoint Snøhetta. Øystein Vestre fortalte om opphavsmyster tilknytta Dovrefjell. Hilde Vehusheia sang.
Torsdag 16. juli	Gudsteneste i Eysteinkyrkja med biskop Solveig Fiske og Hans-Jacob Dahl, Jørgen Brandli.
	Kunstutstillingen «Lyset fra nord» på Hjerkinn Fjellstue. Dagsvandringer. Tidebønn/aftensang kvar dag. Arrangementer i Oppdal 12.-21. juli.

### **Andre kyrkjelydsaktivitetar**

- \* Medarbeiderkveld 6. desember i tilknytning til avskjedgudsteneste med sokneprest. Kulturprogram, servering og sosialt samvær på Dombås hotell. God oppslutning og triveleg kveld. Trekkfuglene og Per Thoresen m/musikere bidrog med musikk og sang.
- \* Konfirmantjubileum (50, 60, 70 års jubilanter) 6. september med gudsteneste i Dombås/Dovre kyrkje og samvær på Toftemo.
- \* Kyrkjekaffe ved eigalar/vertskap på Tollevshaugen, Hjellesetra og Dovregubbens Hall (2. juledag). Kyrkjekaffe etter hausttakkefest ved Bygdekvinnelaget og gardane rundt Dombåshaugen, på allehelgensdag ved sanitetsforeninga og «Piker, hviin og sang». Enkle kyrkjekaffe i kyrkja.

## KYRKJER OG KYRKJEGARDER

### Gjennomførte tiltak i/på kyrkjer

- \* Alterbrunn og ny altarduk i Dovre kyrkje. 22. mars – Maria budskapsdag – kunne kyrkjelyden ta i bruk alterbrunn som Borgny Svalastog har teikna og brodert. Dagen var ikkje tilfeldig valgt, for på alterbrunnen har Borgny brodert fem motiv der Jesus og Maria er med: Maria får bud frå engel – Maria og Elisabeth (mor til døparen Johannes) møtes – Maria og Jesusbarnet juleaften – bryllupet i Kanaan - Maria med den døde Jesus . Mellom dei fem bilda er livets tre. Altarduken har fem kors som symboliserar Jesu sår.



- \* Måla tårnet på Dovrekyrkja. Samstundes kontroll av tilstand med tanke på evt. råte.
- \* Måla tak og veggar i dåpssakristiet i Dombås kyrkje og ordna nye veggfaste sittebenkar og nedfellbart stellebord. Reparerte dei åtte brudestolane.
- \* Planlagt renovering av Dombåskyrkja.
- \* Anbud om nytt oppvarmingssystem i Dombås kyrkje; nye ovner og større kapasitet, styringssystem.
- \* Våronn-dugnad på både kyrkjegardane.

### Nytt orgel til Dombås kyrkje

- \* Komiteen var på befaring for å høre orgel og innhente erfaringer.
- \* Prekvalifisering av orgelbygger. 11 firma var med, og tre vart valgt; Ryde&Berg, Br. Thorkildsen og Ålems.
- \* Dovre kommune løyvde 1 million kroner til nytt orgel i budsjettet for 2016.
- \* Komiteen har jobba med økonomi, bl.a. gjennom gaver, salg av andelsbrev og ofringer ved gudstenester. Ved utgangen av året er orgelkontoen nesten 3 millioner kroner!



Orgelkomiteen saman med orgelkonsulent Kåre Nordstoga og byggkonsulent Roar Nilstad

## Ope kyrkjer

Dovre kyrkjelege råd hadde i år ope alle tre kyrkjene om somaren. Dombås kyrkje med god støtte frå reiselivsbedrifter. Formålet er å gje vegfarande, pilegrimar og lokale moglegheit til å komme inn i kyrkjene for å ha ei stille stund, tenne ljós, be ei bøn, - samt vise fram og fortelje om dei tre vakre kyrkjene.

Dovre kyrkje	6.-19. 7	180 besøk, snitt 13 pr. dag
Dombås kyrkje	29.6-9.8	2336 besøk, snitt 60 pr. dag
Eysteinkyrkja	27.6-9.8	1468 besøk, snitt 34 pr. dag

415 er registrert som gåande til Eysteinkyrkja. Flest besøkande veke 29-31. Pilegrimssenter Dovrefjell heldt tidebønn morgen og kveld i Eysteinkyrkja 20.6 – 31.8.

Dovre kyrkje var open på formiddagen 23. desember i samband med trafikkulykka kvelden før der ei 18 år gammal jente frå Dovre omkom.

Dovre og Dombås kyrkje er ope når høgtidene blir ringt inn.

## Utlån av kyrkjer

Dombås kyrkje 17.12: Førjulstoner ved Dombås musikkforening.

Eysteinkyrkja: Pilegrimsmesse 15.9 for/ved Borgund folkehøgskule i Ålesund og 26.9 for/ved konfirmantane i Oppdal.

Eysteinkyrkja: Samarbeidsavtale om bruk med Pilegrimssenter Dovrefjell.

## Takk til alle som har bidratt i 2015!



La bildene representere alle som har bidratt, - som tekstleser, kyrkjevert, på dugnad, med kaker, musikk, sang og mykje meir.



## ØKONOMI

Regnskap er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd og sokneråd. Ført av kommunekassa og revidert av Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon. Driftsinntektene var kr 5.602.118 og driftsutgiftene kr 5.502.579. Etter bruk/avsetning fond, overføring til investeringsregnskapet og årsoppgjersdisposisjoner for 2014 i henhold til vedtak, er driftsregnskapet i 2015 avslutta med eit mindreforbruk (overskudd) på kr 117.695.

<b>Driftsregnskap</b>	<i>Regnskap-15</i>	<i>Budsjett-15</i>	<i>Regnskap-14</i>
<b>Finansposter/avslutning</b>	<b>98 301</b>	<b>-10 000</b>	<b>288 356</b>
Renteinntekter	-35 915	-20 000	-32 725
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	182 376
Avsetninger til disposisjonsfond	312 731	312 731	110 511
Bruk av tidligere års overskudd	-312 731	-312 731	-292 887
Avsetninger til bundne fond	6 834	0	8 350
Overføring til investeringsregnskapet	9 686	10 000	0
Regnskapsmessig overskudd	117 695	0	312 731
<b>Felles inntekter</b>	<b>-3 433 073</b>	<b>-3 349 000</b>	<b>-3 377 811</b>
Driftstilskudd fra kommunen	-3 350 000	-3 349 000	-3 260 000
Tilbakeført overskudd KLP	-83 073	0	-117 811
<b>Kyrkjelege administrasjon</b>	<b>1 146 861</b>	<b>1 144 400</b>	<b>1 001 115</b>
Lønnsutgifter inkl. refusjon	770 021	806 400	729 567
Kontorutgifter (matr.tlf., porto)	89 028	79 000	81 179
Div.fellesutgifter(kurs, møter, repr.)	76 050	59 000	47 672
Revisjon	16 500	15 000	15 750
Lisenser, data, kontormaskiner	76 617	76 000	75 131
Godtgjørelse folkevalgte	53 636	52 000	42 088
Andre rådsutgifter	20 761	12 000	9 728
Soknerådsvalg	44 249	45 000	0
I tillegg kjem kalkulatoriske inntekter/utgifter kr 120.000 for tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja (lønnskøyring, regnskapsføring, kontor og møterom).			
<b>Kyrkjer</b>	<b>1 532 620</b>	<b>1 431 900</b>	<b>1 410 995</b>
Lønnsutgifter inkl. refusjon	1 024 903	1 089 900	969 912
Strøm	156 933	142 000	140 413
Forsikring, bygg og anlegg	101 055	100 000	102 861
Andre driftsutgifter	64 328	57 000	78 126
Inventar og utstyr	110 319	38 000	44 443
Vedlikehald, service	170 783	91 000	105 357
Avsetninger til bundne fond	2 784	0	7 980
Salg, gaver, offer, tilskudd	-2 384	-5 000	-7 980
Brukertilgang	-19 400	-8 000	-8 000
Bruk av fond	-76 700	-73 000	-22 116

<b>Kyrkjegarder</b>	<b>408 542</b>	<b>443 700</b>	<b>382 263</b>
Lønnsutgifter inkl. refusjoner	370 267	423 700	322 479
Strøm	35 492	28 000	32 678
Kom. avgifter, gebyrer	36 915	38 000	34 217
Opptak graver	29 250	40 000	37 850
Vedlikehald	24 593	40 000	70 600
Andre driftsutgifter	43 331	39 000	31 094
Inventar, utstyr, maskiner	44 394	48 000	7 992
Avsetninger til bundne fond	0	0	84 748
Brukertilbetalinger	0	-5 000	-11 000
Festeavgift	-144 100	-180 000	-66 550
Gravstell	-31 601	-28 000	-35 293
Tilskudd/gaver	0	0	-126 550
<b>Anna kyrkjeleg verksemd</b>	<b>246 749</b>	<b>339 000</b>	<b>295 082</b>
<b>Sokneråd (kyrkjekaffe m.m.)</b>	<b>32 341</b>	<b>33 000</b>	<b>29 745</b>
<b>Trusopplæring</b>	<b>16 202</b>	<b>69 000</b>	<b>65 646</b>
Lønn, godtgjeringer, kurs	83 117	110 000	139 749
Materiell, mat m.m.	61 773	81 000	46 660
Støtte til konfirmantleir/festival	52 852	45 000	51 320
Tilskudd, offer	-2 900	-5 000	-2 991
Tilskudd fra staten	-178 640	-162 000	-169 092
<b>Diakoni</b>	<b>173 471</b>	<b>170 000</b>	<b>163 104</b>
Lønn, godtgjeringer, kurs	174 291	170 000	165 430
Arr.utgifter	7 561	4 000	1 930
Brukertilbataling, offer, tilskudd	-8 380	-4 000	-4 256
<b>Kyrkjemusikk</b>	<b>-22</b>	<b>15 000</b>	<b>3 151</b>
Konsertutgifter	42 031	48 000	70 406
Billettinntekter	-80 750	-30 000	-55 600
Tilskudd, offer	-1 610	-3 000	-11 655
overskudd, avsatt til orgel	40 308	0	0
<b>Pilegrimsarbeid</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Adm.utgifter	43 421	27 000	68 591
Annonser, informasjonsutg. mv	26 659	47 000	27 525
Arr.utgifter	91 372	83 500	63 548
Brak av bundne fond	-12 351	0	-26 723
Billettinntekter, salg	-29 100	-57 500	-42 941
Tilskudd	-120 000	-100 000	-90 000

	<i>Regnskap-15</i>	<i>Budsjett-15</i>	<i>Regnskap-14</i>
<b>Sommeråpne kyrkjer</b>	<b>11 956</b>	<b>15 000</b>	<b>-2 145</b>
Lønnsutgifter	38 787	32 000	19 485
Andre utgifter	1 657	6 000	4 405
Salg	-700	-8 000	-6 810
Tilskudd, støtte	-27 788	-15 000	-19 225

<b>Kyrkjeblad for Dovre</b>	<b>12 801</b>	<b>37 000</b>	<b>35 580</b>
Produksjon og utsending	92 076	102 000	108 505
Annonseinntekter mv	-49 900	-40 000	-46 600
Tilskudd/gaver fra andre	-29 375	-25 000	-26 325

**Balanse** pr. 31.12.2015 pr. 31.12.2014

<b>Investeringsfond</b>	<b>1 976 726</b>	<b>1 775 992</b>
Nytt orgel Dombås	1 969 824	1 769 090
Rest. trapp og søyler Dovre	6 902	6 902

<b>Dispositionsfond</b>	<b>416 011</b>	<b>112 605</b>
Dispositionsfond	316 011	112 605
Nytt orgel Dombås	100 000	0

<b>Bundne driftsfond</b>	<b>813 852</b>	<b>887 327</b>
Kyrkjefond Dovre	34 587	43 702
Kyrkjefond Dombås	101 804	121 790
Eysteinkyrkjefondet	55 300	71 971
Rest. port og trapp Dovre	157 135	155 130
Kyrkjektekstiler Dovre	0	24 852
Kyrkjegardsmur Dovre	85 843	84 748
Kyrkjegardsfond	18 835	16 735
Dåpsopplæring	31 996	31 996
Søndagskolen	32 617	31 159
Konfirmantarbeid i prostiet	54 376	51 976
Minnegave Juniorklubben	34 642	34 200
Diakoni	18 192	18 192
Kyrkjemusikk	67 861	67 861
Pilegrimsarbeid	98 363	110 715
Rådsstruktur	22 300	22 300

### Investeringer

<b>Kostnader</b>		<b>Finansiering</b>	
Varmeanlegg Dombås kyrkje	166.822	Tilskudd fra kommunen	145.341
Inngang/søyler Dovre kyrkje	12.855	Mva.-refusjon	42.455
Nytt orgel Dombås kyrkje	25.600	Tilskudd	5.000
Renovering Dombås kyrkje	8.000	Bruk av orgelfond	20.480